

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VI. INNSKRIFTER ELLES MED SETNINGSFORM

[**836**] N-52709. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 49; 1990b: 13, [43]; Ertl 1994: 343; Knirk 1998: 489, 505.)

Innskrifta står på eit kjevle av tre, 125 mm langt, 24 mm breitt på det breiaste og 10 mm tjukt. Kjevlet er skore til slik at det kan minna om eit krossforma eigarmerke. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom ca. 1225 og 1275.

Det er runer på den eine breisida. Runene er rissa etter at gjenstanden har fått si noverande form. Det gjer at dei varierer i høgd frå 6 mm (r. 6) til 24 mm (r. 21-30). Innskrifta er 87 mm lang.

Bogen på r. 2 (binderune **au**) går frå toppen av staven. Det same gjeld for r. 4 (**u**), medan r. 23 (truleg binderune **tu**) og r. 29 (truleg binderune **um**) har boge som går ut frå staven eit godt stykke ned frå toppen. Ein liknande skilnad er det mellom r. 3 og r. 19 (**r**), der lukka boge og kvist møtest i same punkt om lag midt på staven, og r. 23 (**r**) og r. 27 (binderune **or**) som har lukka boge og kvist uavhengig av boge i god avstand eit stykke ned på staven. Det er såleis to heilt ulike typar **u** og **r** i byrjinga og på slutten av innskrifta.

R. 8 har tilsynelatande merke etter punktering, men spørsmålet kan ikkje avgjerast heilt sikkert. Det same gjeld r. 11 og 14. Dei er alle transkriberte som **i**, men med tvilen om punktering markert. Også staven i r. 30 kan vera punktert, slik at binderuna i så fall har markert kvar einskild rune i sekvensen **amen**.

Toppen av r. 18 - 20 er skadde på grunn av at eit stykke av veden er brote av i utskjeringa der. Det skaper likevel ikkje problem med lesemåten, anna enn at spørsmålet om r. 18 har hatt punktering eller ei, lyt stå ope. R. 19 har to riss ned til høgre frå det punktet der nedre del av bogen møter staven. R. 21 har temmeleg sikkert punkt i feltet mellom kvist og stav og må såleis kunna lesast som **d**. Mellom r. 22 og r. 23 er det drege ein kvist om lag frå toppen av r. 23 og ned til venstre. Kvisten har ikkje kontakt med

toppen av r. 23 og når heller ikkje heilt inn til staven av r. 22. Det er såleis råd å sjå sekvensen frå r. 22 til r. 23 anten som **k u** eller som **i tu**. Av innholdsmessige grunnar er den sist nemnde av desse lesemåtane vald her.

Over toppen på bogen i r. 29 (**um**), litt over midten på staven i binderuna, kan det synast å vera drege eit snitt. Det er likevel ikkje så skarpt i risset som runene elles og må venteleg oppfattast heller som eit pressmerke i veden enn som del av runeteiknet:

l 1n(?) R n ' 1 1 l(?) Y t l(?) Y 1 l(?) Y 1 t Y(?) R l 1 l 1n(?) R l t 1R(?) l
i au (?) r u s a l i(?) m n i(?) k o i(?) k o n k(?) r i d i tu(?) r i n o r (?) i

nY (?) 1Yt(?)
um(?) amen(?)

Jaurusalem, neque concreditur/congreditur in (h)orreum, amen!

Sekvensen **iaurusalim** må rimelegvis identifiserast som hovudstaden i *Jórsalaland*. I norrøn språkform vil namnet på byen anten vera *Jerusalem* eller *Jórsalaborg*. I skrifter på latin er det forma *Jerusalem* eller *Hierusalem* vi ville venta å finna. Forma *Jaurusalem* gir såleis grunn til å setja spørjeteikn også ved det som med nokon tvil kan sjå ut som eit språkleg meiningsfullt uttrykk på latin i resten av innskrifta. Sekvensen **nkokonkridturinorium** kan nemleg med alle atterhald segmenterast som nektingspartikkelen *neque* [= 'og ikkje, ikkje eingong'] + presens passiv 3. pers sg. anten av verbet *concredere* [= 'vedgå skuld', 'erkjenna plikt' e.l.] eller av *congredere* [= 'gå til åtak', 'ta til, byrja'] + preposisjonsuttrykket *in (h)orreum* (neutr. akk. sg. [(*h*)*orreum* = låve, lager, loft e.l., eit ikkje ukjent ord t.d. i kontinental juridisk litteratur frå mellomalderen, jf. Schmidt-Wiegand 1991: 196.]). Innskrifta vil med atskilleg uvisse såleis anten kunna tyda noko slikt som: 'Jerusalem! Ikkje ein gong inn på låven/fram til loftet vert det vedgått, amen!' eller 'Jerusalem! Ikkje eingong i låven (etc.) vart det gjort åtak/byrja etc. amen'. Ingen av dei moglege lesemåtane kan seiast å føra oss særleg langt i retning av å skjøna kva meininga har vore med det som står. Ei innskrift som er råma inn av ei tilvising til Jerusalem og eit amen, kan i alle fall tyda på ein religiøs eller kyrkjeleg kontekst, men i eit tilfelle som dette kan vel også dreia seg om noko som ofte vert omtala som "skulegutlatin". Den eventuelle meininga med innskrifta synest difor å måtta bli ståande temmeleg open.